

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 39/2006

Møtedato: 6.9.06

Arkiv nr: S 655

S 655, Røvsalin – flytting av stølstun

Ove Bergheim skriv i brev datert 5.9.05 følgjande:

Søkjer om å fløta stølstun på Røvsalin, tilhøyrande Ringrud g.nr.49, b.nr 2.

På grunn av at Vestre Slidre kommune har laga vassskjelde nedanfor husa (på jordet), så er det ikkje mulig å få utsleppsløyve på gråvatn. Då eg har meint å byggje eit nytt sæl med dusj og do, får eg ikkje gjort det på eksisterande tomt/tun, fordi kommunen har lagt klausular for bruken av arealet pga. drikkevassskjelde.

Ynskjer difor å få flytta tunet sør og ned for gamle tunet for å unngå dette problemet. Sjå vedlagt kart.

Stølen har ikkje vore brukt nokre år pga. sjukdom, men ynskjer å seta den i stand for å utnydde dei resursane som er der ved å drive med forproduksjon og beiting.

Statskog skriv i e-post datert 6.9.05 følgjande:

Der selet er tenkt oppført er vel på grensa mellom støl og tilleggsjord (mesteparten av selet på tilleggsjord) mens fjøset blir inne på tilleggsjorda.

Jeg viser også til mitt brev 11.09.00 om forholdet mellom støl og tilleggsjord. En del tilleggsjord skulle legges ut mellom feste 327 og 317/782 noe jeg tror ikke er gjort (gjerdet står vel mot vegen). Dersom stølen skal flyttes til tilleggsjorda må en vel foreta et "makebytte" mellom støl og tilleggsjord? Hva med låven, den bør vel også flyttes til stølstunet?

På saken har jeg notert at dere gjør vel et vedtak etter befaringen 7.9.00 noe jeg ikke kan se er gjort. Ved etterlysning av svar på brev 11.09.00 har jeg skrevet:

Jeg kan ikke se at jeg har fått tilbakemelding og regner med at vårt forslag er ok.

Dersom det er aktuelt å flytte stølstunet, foreslår jeg at en ser på dette under en befaring.

Sak 43/2005 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret utsett saka til befaring i juni.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 14.6.06 saman med søkjaren og Statskog.

Kommunen har gjerda ut ca 15 daa av stølsumålinga og det er lagt restriksjonar på andre delar av stølsjordet. Fjellstyret har fått utlevert kart frå kommunen som viser kva område på stølen som det ligg restriksjonar på. I følgje kartet er det ikkje lagt restriksjonar på arealet sør og aust for låven. Dette er også bekrefta av saksbehandlar for byggesaker i kommunen.

Det nye tunet er planlagt på tilleggsjorda. Om søkjaren får godkjent flytting av tunet, er det mest praktisk om denne delen blir godkjent som stølsumvisning. Samla areal det er restriksjonar på er ca 40 daa. Den del av tilleggsjorda som Bergheim ynskjer å ha er på ca 20 daa. Det har derfor vore drøfta å gjera om tilleggsjorda til stølsumvisning, jf. uttale frå Statskog datert 6.9.05.

Statskog og fjellstyret har vore samde om at ved bygging av stølshus er det krav om at alle husa skal vera samla i eit tun. Låven og stølstunet blir liggjande langt frå kvarande slik det er skissert i søknaden.

Statskog har m.a. gjeve følgjande uttale: *Statskog tilrår at fjellstyret holder fast ved prinsippet om samlet stølstun. Og på bakgrunn av det pålegger stølsbruker å innhente tilstrekkelig dokumentasjon om byggebegrensninger på eksisterende stølstun. I den ytre sikringssone (sone 3) står det at "utslipp av avløpsvann håndteres i samsvar med gjeldende forskrifter". Det anses derfor som relevant å utrede hva det betyr i praksis for denne saken. Dersom selet grunnet gjeldende restriksjoner må flyttes, tilrås det å finne annen egnet plassering i nærhet av låven for å opprettholde en samlet bebyggelse.*

Til spørsmålet om endring av stølsumvisningen ber vi om informasjon om hvor inngjerdingen til kommunen går, så det kan utredes hvor mye av inngjerding som hører til tilleggsjord og hvor mye som hører til stølsumvisningen. Det bes også opplyst om hvor vidt det er fattet vedtak om at deler av tilleggsjorda øst for stølsvollen er lagt i det fri. Eller om hele tilleggsjordutvisningen fra 1990 fremdeles ligger til stølsbrukeren. Det kan for ordens skyld også opplyses om hvor vidt grensen til stølsvollen går øst eller vest for hyttefeste 327, og hvor vidt gjerdene mot hyttefeste 317 og 782 går der de skal i henhold til gjeldende tilleggsjord for Ove Bergheim.

Ved gjennomgang av saken dukker det opp mange spørsmål og uklarheter som gjør saksbehandling langt mer omfattende enn først ventet. Men for å få til en klar og rettferdig saksbehandling anser Statskog det som viktig å få oppklart forholdene og kommunens regelverk rundt denne stølen.

Vedtak:

Fjellstyret er enige med Statskog om at det bør vera eit samla stølstun. Planlagt nytt tun ligg i tillegg for høgt i terrenget. Fjellstyret finn derfor ikkje å kunne godkjenne omsøkt ny plassering for sel og fjøs. Søkjaren må leggje fram ny søknad der husa inngår i eit tun saman med låven.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.9.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ove Bergheim
Statskog